

Eksamen

25. november 2016

RLV2003

Etablering og drift

Programområde: Reiseliv

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	I denne oppgåva blir det lagt vekt på: <ul style="list-style-type: none">- I kva grad du har nådd måla i læreplanen- At du kan knyte teori og praksis- At svara dine har ei fagleg grunngiving Spesielt for denne oppgåva: <ul style="list-style-type: none">- Du skal kunne vurdere ulike samarbeidsformar i reiselivsnæringa- Du skal vurdere moglegheit for å utvikle berekraftige reiselivsprodukt- Du skal ha kjennskap til trendar innan reiselivsnæringa, og du skal kunne vurdere produkt opp mot desse trendane- Du skal kunne rekne ut pris på eit reiselivsprodukt
Andre opplysningar	Ingen

LILLEHAMMER-REGIONEN



Lillehammer og Gudbrandsdalen er ein del av Fjell-Noreg, og kan tilby mange attraktive og spennande opplevingar sommar som vinter. I Lillehammer-regionen står dei ekte, lekne, sporty og utfordrande aktivitetane i kø, og du treng ikkje å reise langt for å finne dei. Sommaren er ei herleg tid i regionen. Med stabilt og tørt innlandsklima ligg alt til rette for alle moglege slags utandørsaktivitetar. Fornøylesparken Hunderfossen Familiepark er eit mekka for barnefamiljar berre 10 minutt køyring frå Lillehammer sentrum. Eit besøk i Lillehammer-regionen byr på ekte opplevingar, ute og inne, og regionen tilbyr eit mangfald av utandørsaktivitetar. Vår, sommar og haust er Fjell-Noreg eit eldorado for naturbaserte aktivitetar. Med høge fjell, spektakulære breformasjonar, buldrande elver og sildrande bekkar utgjer dette ramma for friske opplevingar og aktivitetar i ein kontrastfull natur. Anten du vil vere ute eller inne, vil ha sport eller spa – så vil du garantert finne noko som kan freiste!

Vinteren i Lillehammer-regionen byr på stabilt klima med mykje naturleg snø og du finn mange preparerte skispor på vidder, i skogen og på høgjellet. Alpintilbodet er breitt og ingen stader møter du flottare skispor for langrenns-entusiastene, og høgjellsterreng for randonè (topptur).

OL-byen Lillehammer er ein moderne by som samtidig har fått utmerkingar for sin arkitektur og bevaring av opphaveleg busetnad i Gågata. Nasjonalt og internasjonalt er Lillehammer mest kjent for å ha arrangert dei 17. olympiske vinterleikane i 1994. Alpinanlegga Kvittfjell og Hafjell er berre to av tidlige OL-anlegg som ligg i regionen.

Lillehammer har gode kommunikasjonsforbindelsar til jernbane, buss og flyplass og ligg berre ein to-timer lang køyretur frå Oslo.

Oppgåve 1

Tenk deg at du er tilsett som marknadsansvarlig i Visit Lillehammer.

For ein destinasjon er det svært viktig å følge med på endringar i samfunnet. Trendar kjem og går, og dersom vi utviklar reiselivsprodukt som var populære i går, så vil vi ikkje klare å selje dette inn i marknaden. Vurder Visit Lillehammer sitt produkt opp mot dagens trendar, og som grunnlag for å utvikle berekraftige reiselivsprodukt. Ved behov, ta egne føresetnader, og grunngi desse.

Oppgåve 2

«Mitt Hotell» er ei tenkt bedrift som ligg i Lillehammer by. Hotellet har berre eksistert i eitt år, og har ikkje inngått noko form for samarbeid. Dei tar kontakt med deg i Visit Lillehammer for å få råd og rettleiing om kva for nokre samarbeid dei kan og/eller bør etablere. Gi ei oversikt over kva for nokre samarbeid som er vanlege innan reiselivsnæringa, og gi ei konkret vurdering over kva for ei/kva for nokre samarbeidsform(er) som er mest hensiktsmessig for dette hotellet. Du må grunngi vala du tar.

Oppgåve 3

«Mitt Hotell» ønsker å tilby sine gjestar unike opplevingar, og har bestemt seg for å tilby hundesledekøyring på Sjusjøen i vintersesongen. Turen inkluderer transport tur/retur Lillehammer Sjusjøen og hundekøyring med huskyar i vakkert fjellandskap der to personar får eige spann med 4-6 hundar. Turen som blir køyrd er på 6 km og halvvegs på turen byter ein spann, slik at begge personane får styre. Turen inkluderer også ei koseleg samling i lavvo med steiking av pinnebrød og varm drikke, før ein returnerer til hotellet. Turen vert berekna å vare i cirka 5 timar.

Hotellet gjennomfører turar der det er 12 påmeldte, har eigen minibuss og bereknar desse kostnadene per person:

Leige av hundar/guide kr. 250,- mat/drikke 40,-.

Hotellet kalkulerer med 45 % indirekte kostnader og 25 % forteneste. I dette tilfellet bereknar selskapet ei meirverdiavgift på 25 %, sjølv om ulike varer og tenester i Norge i dag opererer med ulik prosentsats.

- a) Kva blir prisen inkludert meirverdiavgift per person for denne turen?
- b) Kva kallar du kalkylemetoden som du bruker i denne oppgåva? Forklar kvifor du meiner at den har fått dette namnet.
- c) Kva blir avansen i prosent for dette produktet?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven blir det lagt vekt på:</p> <ul style="list-style-type: none">- I hvilken grad du har nådd målene i læreplanen- At du kan knytte teori og praksis- At svarene dine har en faglig begrunnelse <p>Spesielt for denne oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">- Du skal kunne vurdere ulike samarbeidsformer i reiselivsnæringen- Du skal vurdere muligheter for å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt- Du skal ha kjennskap til trender innen reiselivsnæringen, og du skal kunne vurdere produkt opp mot disse trendene- Du skal kunne beregne pris på et reiselivsprodukt
Andre opplysninger	Ingen

LILLEHAMMER-REGIONEN



Lillehammer og Gudbrandsdalen er en del av Fjell-Norge, og kan tilby mange attraktive og spennende opplevelser sommer som vinter. I Lillehammer-regionen står de ekte, lekne, sporty og utfordrende aktivitetene i kø, og du trenger ikke å reise langt for å finne dem. Sommeren er en deilig tid i regionen. Med stabilt og tørt innlandsklima ligger alt til rette for alle mulige slags utendørsaktiviteter.

Fornøyelsesparken Hunderfossen Familiepark er et mekka for barnefamilier bare 10 minutters kjøring fra Lillehammer sentrum. Et besøk i Lillehammer-regionen byr på ekte opplevelser, ute og inne, og regionen tilbyr et mangfold av utendørsaktiviteter. Vår, sommer og høst er Fjell-Norge et eldorado for naturbaserte aktiviteter. Med høye fjell, spektakulære breformasjoner, buldrende elver og sildrende bekker utgjør dette rammen for friske opplevelser og aktiviteter i en kontrastfull natur. Enten du vil være ute eller inn, vil ha sport eller spa – så vil du garantert finne noe som kan friste!

Vinteren i Lillehammer-regionen byr på stabilt klima med mye naturlig snø og du finner mange preparerte skispor på vidder, i skogen og på høgjellet. Alpintilbudet er bredt og ingen steder møter du flottere skispor for langrenns-entusiasten, og høyfjellsterreng for randonè (topptur).

OL-byen Lillehammer er en moderne by som samtidig har fått utmerkelser for sin arkitektur og bevaring av opprinnelig bebyggelse i Gågata. Nasjonalt og internasjonalt er Lillehammer mest kjent for å ha arrangert de 17. olympiske vinterleker i 1994. Alpinanleggene Kvitfjell og Hafjell er bare to av tidligere OL-anlegg som ligger i regionen.

Lillehammer har gode kommunikasjonsforbindelser til jernbane, buss og flyplass og ligger kun en to-timers kjøretur fra Oslo.

Oppgave 1

Tenk deg at du er ansatt som markedsansvarlig i Visit Lillehammer.

For en destinasjon er det meget viktig å følge med på endringer i samfunnet. Trender kommer og går, og dersom vi utvikler reiselivsprodukt som var populære i går, så vil vi ikke klare å selge dette inn i markedet. Vurder Visit Lillehammer sitt produkt opp mot dagens trender, og som grunnlag for å utvikle bærekraftige reiselivsprodukt. Ved behov, ta egne forutsetninger, og begrunn disse.

Oppgave 2

«Mitt Hotell» er en tenkt bedrift som ligger i Lillehammer by. Hotellet har kun eksistert i ett år, og har ikke inngått noe form for samarbeid. De tar kontakt med deg i Visit Lillehammer for å få råd og veiledning om hvilke samarbeid de kan og/eller bør etablere. Gi en oversikt over hvilke samarbeid som er vanlig innen reiselivsnæringen, og gi en konkret vurdering over hvilke(n) samarbeidsform(er) som er mest hensiktsmessig for dette hotellet. Du må begrunne valg du tar.

Oppgave 3



«Mitt Hotell» ønsker å tilby sine gjester unike opplevelser, og har bestemt seg for å tilby hundesledekjøring på Sjusjøen i vintersesongen. Turen inkluderer transport tur/retur Lillehammer Sjusjøen og hundekjøring med huskyer i vakkert fjellandskap der to personer får eget spann med 4-6 hunder. Turen som blir kjørt er på 6 km og halvveis på turen byttes det spann, sånn at begge personene får styre. Turen inkluderer også en koselig samling i lavvo med steking av pinnebrød og varm drikke, før det returneres til hotellet. Turen beregnes å vare i cirka 5 timer.

Hotellet gjennomfører turer der det er 12 påmeldte, har egen minibuss og beregner disse kostnadene per person:

Leie av hunder/guide kr. 250,- mat/drikke 40,-.

Hotellet kalkulerer med 45 % indirekte kostnader og 25 % fortjeneste. I dette tilfellet beregner selskapet en merverdiavgift på 25 %, selv om ulike varer og tjenester i Norge i dag opererer med ulik proSENTSATS.

- Hva blir prisen inkludert merverdiavgift per person for denne turen?
- Hva kalles kalkylemetoden som du bruker i denne oppgaven? Forklar hvorfor du mener at den har fått dette navnet.
- Hva blir avansen i prosent for dette produktet?



www.vigoiks.no/eksamen